

# Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 06.09.2023  
**Møtestad:** Formannskapssalen - Rådhuset Lonevåg  
**Møtetid:** kl. 13:00 - 14:30

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Lars Fjeldstad	SP	Ordfører
Hjalti Heimir Gislason	H	Varaordfører
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Medlem
Siren Tyssebotn	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem

<b>Forfall meldt frå medlem</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Alexander Thunestvedt	AP	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Jarle Skeidsvoll	KRF	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstattar medlem</b>
Johannes Haugland	SP	Berit Moslett Borge
Øyvind Litland	AP	Alexander Thunestvedt

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte: Kommunedirektøren og politisk-adm.sekretariat**

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
062/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
063/23	Godkjenning av møtebok
064/23	Referatsaker og meldingar
065/23	Forlenging av Kommunedelplan for Idrett og fysisk aktivitet
066/23	Handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024-2027
067/23	Samarbeidsavtale for Syns- og audiopedagogisk tjeneste SAPT
068/23	Søknad om tilskot til reparasjon av steinbrua over Mjeldastraumen
069/23	Søknader om tilskot, lån og kommunal garanti: Sherpatrappar til Bruviknipa
070/23	Utgreiing om pensjonsordning fra KLP
071/23	Søknad om skjenkeløyve - Mjøs Eiendom AS
072/23	TV-aksjonen 2023 - invitasjon til økonomisk stønad
073/23	Andre saker/spørsmål

## **062/23: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **06.09.2023 FORMANNSKAPET**

Ragnar Tyssebotn, FRP, har sendt eit spørsmål om gruvedrift på Litland i forkant av møte.

Ordføraren ga slik orientering: Det er eit selskap som har overtatt mineralrettar til to område i Hosanger. Dette er eit selskap som driv med mindre skala gruvedrift. Dei vil gjere undersøkingar gåande til fots i terreng og det er i så fall det dei gjer pr i dag. Neste steg vil evt vere å prøvebora, men før det vil dei invitere alle interesserte. Dei må også søkje kommunen for å få til å gjennomføre prøveboring.

-----  
Ragnar Tyssebotn, FRP, varsla spørsmål i sak om Mjeldalen.

Hjalti H. Gislason, H, varsla to spørsmål om oppfølging i to formannskapssaker av FS 054/21 (Hetlevikhuset) og FS 059/23 (Landbrukskontoret).

-----  
Det var elles ingen merknader til innkalling og saksliste

### **FS - 062/23 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjent.**

### **Kommunedirektøren hadde slik orientering:**

Det har vore ein stille sommar, utan dei store sakene, no etter at eg kom frå ferie har det vore travelt.

Vi er i gang med budsjettarbeid, og som vanleg vert dette ein krevjande øvelse.

### **Helse og omsorg:**

Ny nestleiar på plass 1. september. Vi håper å ha den andre nestleieren på plass i løpet av hausten.

Framleis bruk for vikarlege på Valestrand. Vi har inngått kontrakt for 6 mnd. med legen som er der no.

Må og bruke vikarbyrå i samband med at lege i Lonevåg skal ha permisjon i haust grunna spesialisering.

Arbeidstilsynet har vore på tilsyn i Peraplassen bustad, og der har vi fått ei rekkje pålegg vi må svare ut. Mykje går på kartlegging og førebygging av muskel og skjelettplager, psykiske plager og opplæring.

#### Oppvekst:

Har fått positiv merksemd grunna godt arbeid med skulemiljøsaker. Alvhild Nygard og Olaf Hella var invitert til Kunnskapsdepartementet på arbeidsseminar om skulemiljø og mobbing. I møtet deltok Kunnskapsministeren, to statssekretærer, Statsforvaltar i Vestland, Rogaland og Nordland, Forskarar frå NOVA, Universitetet i Agder, Høgskulen Innlandet, Elevorganisasjonen, UDIR, Kunnskapsdepartementet, Malvik og Osterøy kommune.

Vi var valt ut fordi Statsforvaltaren ser at arbeidet med 9A og skulemiljø i Osterøy har vore systematisk og godt. Dette er resultatet av arbeidet leia av Monica V Reigstad, men også kvar og ein ute i avdelingane. Osterøy kommune vert trekt fram som ein føregangskommune på området, sjølv om innsatsen på området aldri kan reduserast eller ferdiggjerast. Her kjem vi aldri i mål.

#### Rekruttering:

Har lukkast med å få på plass nye rektorar ved Fotlandsvåg, Valestrand og Osterøy ung. skule. Ikkje alle har starta opp enno så vi har konstituert rektor på Valestrand og Osterøy ung. skule.

#### Forsøk med vikarpool i Barnehage:

Så langt har dette vore svært positivt tiltak. Vi har tilsett 10 faste vikarar i vikarpool, men treng i tillegg ringevikarar. Sjølv om tiltaket ikkje starta opp før i sommar er tilbakemeldingane så langt positive.

#### Samfunnsutvikling:

- Ny leiar for teknisk drift på plass frå midten av august.
- Nye medarbeidar på plan på plass. To damer har starta opp i løpet av august.
- Ny rådgjevar på Landbruk og miljø på plass frå ca 1. november

Så langt eg kjenner til er det god framdrift i arbeidet med dei ulike anlegga vi har gåande.

---

### **063/23: Godkjenning av møtebok**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**Møteprotokoll frå 07.06.2023 vert godkjend.**

### **06.09.2023 FORMANNSKAPET**

Det var ingen merknader til møtebok

**FS - 063/23 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå 07.06.2023 vert godkjend.

---

**064/23: Referatsaker og meldingar**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

**06.09.2023 FORMANNSKAPET**

Det var ingen merknader til referatsakene

**FS - 064/23 VEDTAK:**

Referatsakene vert tekne til vitande.

---

**065/23: Forlenging av Kommunedelplan for Idrett og fysisk aktivitet**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet vert forlenga til å gjelde ut 2025.

**04.09.2023 UNGDOMSRÅD**

Leiar for Kultur og mangfald la fram saka.

**UR - 047/23 VEDTAK:**

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt forslag til vedtak. Samrøystes vedteke.

**06.09.2023 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

**FS - 065/23 VEDTAK:**

Formannskapet innstiller på at gjeldande kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet vert

forlenga til å gjelde ut 2025.

---

## **066/23: Handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet 2024-2027**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Handlingsprogrammet med tiltaka i prioritert rekkefølge vert vedtatt slik det ligg føre.

### **04.09.2023 UNGDOMSRÅD**

Ungdoms- og idrettskonsulenten la fram saka.

### **UR - 048/23 VEDTAK:**

Ungdomsrådet støttar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak. Samrøystes vedteke.

### **06.09.2023 FORMANNSKAPET**

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **FS - 066/23 VEDTAK:**

Formannskapet innstiller på at handlingsprogrammet med tiltaka i prioritert rekkefølge vert vedtatt slik det ligg føre.

---

## **067/23: Samarbeidsavtale for Syns- og audiopedagogisk teneste SAPT**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Osterøy kommune tek samarbeidsavtalen for Syns- og audiopedagogisk teneste SAPT til vitande og sluttar seg til samarbeidsavtalen.

### **06.09.2023 FORMANNSKAPET**

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **FS - 067/23 VEDTAK:**

Formannskapet innstiller på at Osterøy kommune tek samarbeidsavtalen for Syns- og audiopedagogisk teneste SAPT til vitande og sluttar seg til samarbeidsavtalen.

---

## **068/23: Søknad om tilskot til reparasjon av steinbrua over Mjeldastraumen**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**Haus kulturminnelag får avslag på sin søknad om kroner 300 000 i støtte til å reparere steinbrua over Mjeldastraumen.**

### **06.09.2023 FORMANNSKAPET**

Ordføreren sette fram slikt fellesframlegg på vegne av alle parti (SP, H, FRP, AP):

“Haus kulturminnelag får tilsegn på sin søknad om kroner 300 000 i støtte til å reparere steinbrua over Mjeldastraumen. Vilkåret for tilskotet er at prosjektet vert fullfinansiert.

Tilskotet vert dekket frå dispensasjonsfondet

Grunngjeving:

Prestabrua i Haus er eit unikt kulturminne utan samanlikning i kommunen som grunna store uklårheiter i eigarskap og ansvar har stått til forfall. Osterøy kommune er takksam for den jobben Haus Kulturminnelag har gjort og no skal sette i gong med og ynskjer difor å støtte tiltaket med kr 300 000 som omsøkt.”

### **AVRØYSTING:**

Ordføreren sitt fellesframlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 068/23 VEDTAK:**

**Formannskapet innstiller slik:**

**Haus kulturminnelag får tilsegn på sin søknad om kroner 300 000 i støtte til å reparere steinbrua over Mjeldastraumen. Vilkåret for tilskotet er at prosjektet vert fullfinansiert.**

Tilskotet vert dekket frå dispensasjonsfondet

Grunngjeving:

Prestabrua i Haus er eit unikt kulturminne utan samanlikning i kommunen som grunna store uklårheiter i eigarskap og ansvar har stått til forfall. Osterøy kommune er takksam for den jobben Haus Kulturminnelag har gjort og no skal sette i gong med og ynskjer difor å støtte tiltaket med kr 300 000 som omsøkt.

---

## **069/23: Søknader om tilskot, lån og kommunal garanti: Sherpatrappar til Bruviknipa**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**Søknad om kommunal garanti: Kommunedirektøren ber Osterøy turlag sende inn ny søknad om dette når prosjektet er fullfinansiert.**

**Søknad om kommunalt lån på 3 000 000 vert avslått grunna mangel på budsjettdekning.**

**Søknad om tilskot på 500 000 vert avslått grunna mangel på budsjettdekning i driftsbudsjettet, samt for lågt dispensasjonsfond.**

#### **06.09.2023 FORMANNSKAPET**

Ordføraren sette fram slikt fellesframlegg på vegne av alle parti (SP, H, FRP, AP):

**"Søknad om kommunal garanti: Kommunedirektøren ber Osterøy turlag sende inn ny søknad om dette når prosjektet er fullfinansiert.**

**Søknad om kommunalt lån på 3 000 000 vert avslått grunna mangel på budsjettdekning.**

**Osterøy kommune gjev tilsegn på tilskot på kr 300 000 med vilkår om at prosjektet vert fullfinansiert, har godkjent spelemiddelsøknad og kommunal lånegaranti vert innvilga.**

**Tilskotet vert dekkja frå dispensasjonsfondet"**

#### **AVRØYSTING:**

Ordføraren sitt fellesframlegg vert samrøystes vedteke

#### **FS - 069/23 VEDTAK:**

**Formannskapet innstiller slik:**

**Søknad om kommunal garanti: Kommunedirektøren ber Osterøy turlag sende inn ny søknad om dette når prosjektet er fullfinansiert.**

**Søknad om kommunalt lån på 3 000 000 vert avslått grunna mangel på budsjettdekning.**

**Osterøy kommune gjev tilsegn på tilskot på kr 300 000 med vilkår om at prosjektet vert fullfinansiert, har godkjent spelemiddelsøknad og kommunal lånegaranti vert innvilga.**

**Tilskotet vert dekkja frå dispensasjonsfondet**

---

#### **070/23: Utgreiing om pensjonsordning fra KLP**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Etter ei samla vurdering frå Administrasjonsutvalet blir det ikkje jobba vidare med saksutgreiing av konkurranseutsetjing av pensjonsordninga.



**06.09.2023 FORMANNSKAPET**

**AVRØYSTING:**

Innstillinga frå administrasjonsutvalet vert samrøystes vedteke

**FS - 070/23 VEDTAK:**

Etter ei samla vurdering frå Administrasjonsutvalet og formannskapet blir det ikkje jobba vidare med saksutgreiing av konkurranseutsetjing av pensjonsordninga.

---

**071/23: Søknad om skjenkeløyve - Mjøs Eiendom AS**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 for Mjøs Eigedom AS, Hosanger

Løyvehavar: Mjøs Eigedom AS med org.nr. 916808372

Dagleg leiar og styrar: Trond Lillejord, f. 16.06.1963 vert godkjende.

Avløyсар: Erlend Johan Mjøs, f. 22.05.1992 vert godkjent med atterhald om godkjent kunnskapsprøve.

Type verksemd: Restaurant/Kafe

**Skjenketid alkohol:**

- Gruppe 1 og 2 alle dagar: kl. 11.00 – kl. 01.00 (drikk med 2,5% til 22% alkoholinnhald)
- Gruppe 3 alle dagar: kl. 13.00 – kl. 01.00 (drikk over 22% til 60% alkoholinnhald)

Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.

**Skjenketid for uteservering alkohol**

- Gruppe 1 og 2: kl. 11.00 – kl. 01.00
- Gruppe 3: kl. 13.00 – kl. 01.00

**Løyveperiode: 25.09.2023 – 30.09.2024**

**06.09.2023 FORMANNSKAPET**

Ordføraren sette fram slikt tilleggsframlegg:

"Formannskapet etterspør søkjer om å nærare forklare kva aktivitet som skal vere i lokalet"

**AVRØYSTING:**

Kommunedirektøren sitt framlegg vert vedteke mot 1 røyst (AP)

Ordføreren sitt tilleggsframlegg vert vedteke mot 2 røyster (FRP)

#### **FS - 071/23 VEDTAK:**

**Formannskapet innstiller slik:**

**I medhald av alkohollova §§ 1-4a og b, 1-6, 1-7, 1-7a, 1-7b, 1-7c, 4-2 og 4-4 vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk, gruppe 1, 2 og 3 for Mjøs Eigedom AS, Hosanger**

**Løyvehavar: Mjøs Eigedom AS med org.nr. 916808372**

**Dagleg leiar og styrar: Trond Lillejord, f. 16.06.1963 vert godkjende.**

**Avløyssar: Erlend Johan Mjøs, f. 22.05.1992 vert godkjent med atterhald om godkjent kunnskapsprøve.**

**Type verksemd: Restaurant/Kafe**

**Skjenketid alkohol:**

- **Gruppe 1 og 2 alle dagar: kl. 11.00 – kl. 01.00 (drikk med 2,5% til 22% alkoholinnhald)**
- **Gruppe 3 alle dagar: kl. 13.00 – kl. 01.00 (drikk over 22% til 60% alkoholinnhald)**

**Vidare vert det gjeve allment skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk på avskjerma uteområde.**

**Skjenketid for uteservering alkohol**

- **Gruppe 1 og 2: kl. 11.00 – kl. 01.00**
- **Gruppe 3: kl. 13.00 – kl. 01.00**

**Løyveperiode: 25.09.2023 – 30.09.2024**

**Formannskapet ber administrasjonen om å etterspørre søkjer om å nærare forklare kva aktivitet som skal vere i lokalet før møte i heradsstyret.**

---

#### **072/23: TV-aksjonen 2023 - invitasjon til økonomisk stønad**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**Ordførar sitt framlegg til vedtak:**

**Osterøy kommune gir kr 10.000 til TV-aksjonen 2023 "Redd Barna – La barna leve i fred".**

**Summen vert å dekkja på ansvar 1110, teneste 1000.**

#### **06.09.2023 FORMANNSKAPET**

**Øyvind Litland, AP, sette fram slikt framlegg: "Osterøy kommune gir kr 15.000 til TV-aksjonen 2023 "Redd Barna – La barna leve i fred". Summen vert å dekkja på ansvar 1110, teneste 1000."**

#### **AVRØYSTING:**

**Øyvind Litland, AP, sitt framlegg vert vedteke - 6 røyster (3SP,2AP,1H) mot 2 røyster**  
**Kommunedirektøren, FRP, sitt framlegg fall - 2 røyster (FRP) mot 6 røyster**

**FS - 072/23 VEDTAK:**

Osterøy kommune gir kr 15.000 til TV-aksjonen 2023 "Redd Barna – La barna leve i fred". Summen vert å dekkja på ansvar 1110, teneste 1000.

---

**073/23: Andre saker/spørsmål**

**06.09.2023 FORMANNSKAPET**

Ragnar Tyssebotn, FRP, hadde slikt spørsmål i sak om knuseverket i Mjeldalen: Det som foregår i Mjeldalen er så alvorleg at det må stoppast. Kan Kommunedirektøren informere heradsstyret i kommande møte?

Kommunedirektøren ga slikt svar: Heradsstyret vert orientert om status i saka i førstkommande heradsstyret.

---

Hjalti H. Gislason, H, sitt spørsmål om FS 059/23, Landbrukskontoret, vert svart ut av kommunedirektøren under kommunedirektøren sin orientering i starten av møte. Gislason ønskjer likevel at dette vert gitt som ein referatsak i heradsstyret.

---

Hjalti H. Gislason, H, hadde slik sak: I FS sak 054/21 "sal av hetlevikhuset". Eg ber om at denne saka kjem til formannskapet så snart som mogleg.

Kommunedirektøren ga slikt svar: Saka kjem direkte til heradsstyret i kommande møte. Dette pga saka allereie har vore i formannskapet.

**FS - 073/23 VEDTAK:**

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka

---

Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Siren Tyssebotn og Øyvind Litland

Lonevåg, 06.09.2023

Runar Ludvigsen  
Sekretær